

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag

Alternativ til pkt.1.

«1.

Dagens inntaksordningar og inntaksområde vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Ordningar som finst for ungdomar i grenseområda vert vidareført. For ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland vert ordninga utvida til å gjelde alle ungdomar og alle vidaregåande skular i pendlaravstand.

Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.»

Jenny Følling (Sp) sette på vegne av Sp, A og SV fram slikt forslag:

Tillegg til pkt.1.

«Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3.

Fellesnemnda ber om at nærskuleprinsippet vert utgreidd i det vidare arbeidet med val av inntakssystem til saka kjem i oktober 2019. Gjerne etter modell frå Trøndelag.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt protokollmerknad.

«SV sitt primære standpunkt er at Vestland fylkeskommune skal ha eit inntak basert på nærskuleprinsippet/geografisk styrt inntak, der søkjarane vert prioritert ut frå inntak på næraste skule forutsatt at søkt programområde finst ved nærskulen. Dersom programområdet/utdanningsprogrammet ikke finst ved søkjaren sin nærskule, vel søkjaren sjølv kva skule han/ho vil søkja.»

Røysting

Brosvik sitt forslag fekk 11 røyster (Krf,MDG,V,Frp,H) og fall.

Prosjektleiari si forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag fekk 13 røyster (A,Sp,SV) og vart vedteke.

Prosjektleiari si forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag fekk 13 røyster(A,Sp,SV) og vart vedteke.

Vedtak

1. Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.

2. Det vert sett i gong ein prosess mot felles inntak frå skuleåret 2021/2022 som skissert i saksframlegget.
3. Fellesnemnda ber om at nærskuleprinsippet vert utgreidd i det vidare arbeidet med val av inntakssystem til saka kjem i oktober 2019. Gjerne etter modell frå Trøndelag.

Protokollmerknad frå SV

SV sitt primære standpunkt er at Vestland fylkeskommune skal ha eit inntak basert på nærskuleprinsippet/geografisk styrt inntak, der søkjarane vert prioritert ut frå inntak på næraste skule forutsatt at søkt programområde finst ved nærskulen. Dersom programområdet/utdanningsprogrammet ikke finst ved søkjaren sin nærskule, vel søkjaren sjølv kva skule han/ho vil søkja.